

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering		19.06.2025
Fylkesutvalet		21.08.2025

Høyring - forslag til bevaringsstrategi for næringers og industriers kulturmiljø

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune er positiv til utkast til Bevaringsstrategi for næringers og industriers kulturmiljø, og meiner at den vil bidra til å styrke bevaringa og utviklinga av desse kulturmiljøa
2. Vestland fylkeskommune meiner at dei tre deltemaa er tenlege, og ser positivt på at strategien set bevaring, bruk og utvikling i samanheng
3. Vestland fylkeskommune meiner det må utviklast ein finansieringsmodell for bevaringsstrategiane som gjer dei operative i samspel med kvarandre.

Samandrag

I saka skal Vestland fylkeskommune ta stilling til framlegg til *Bevaringsstrategi for næringers og industriers kulturmiljø*. Riksantikvaren har sendt strategien på høyring med frist 13. juni 2025. Strategien har tre deltema: 1. Industrien som bygde samfunnet, 2. Våre mangfoldige næringer og 3. Industriens logistikk. Innan kvart av deltemaa er det trekt fram prioriterte kulturmiljøtypar. Til grunn for val av deltema ligg aktuelle utfordringar og moglegheiter for samarbeid og samordna verkemiddelbruk. Bevaringsstrategien skal bidra til vern og bruk av prioriterte kulturmiljø.

Riksantikvaren ber om innspel til utfordringsbiletet, avgrensinga av strategien og til deltemaa med prioriterte område.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Per Morten Ekerhovd
direktør
kultur og folkehelse

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Høring av forslag til bevaringsstrategi for næringer og industriers kulturmiljø.PDF
- 2 Bevaringsstrategi for næringers og industriers kulturmiljø - Protokoll fra konsultasjon.PDF
- 3 Riksantikvarens forslag til bevaringsstrategi for næringers og industriers kulturmiljø høringsutkast.PDF

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Riksantikvaren har sendt *Bevaringsstrategi for næringers og industriers kulturmiljø* på høyring med frist 13. juni 2025 (vedlegg 1-3). Vestland fylkeskommune har bedt om utsett frist i saka til etter møte i fylkesutvalet.

Å utvikle bevaringsstrategiar er eit oppdrag Riksantikvaren har fått frå Klima- og miljødepartementet (KLD), og er i samsvar med Meld. St. 16 2019-2020 Nye mål i kulturmiljøpolitikken – engasjement berekraft og mangfald.

Fylkesutvalet har tidlegare vedteke fråsegn til følgjande bevaringsstrategiar:

- Overordna bevaringsstrategi (fekk seinare namnet Rammeverk for bevaringsstrategiar) sak PS 303/2022
- Riksantikvaren sine forslag til tema for bevaringsstrategier PS 89/2023
- Bevaringsstrategi for kystens kulturmiljø PS 97/2024
- Bevaringsstrategi for landbrukets kulturmiljø PS 133/2024

Det skal utarbeidast fem bevaringsstrategiar som skal famne breidda i kulturmiljøpolitikken.

Riksantikvaren har to bevaringsstrategiar på høyring; *Bevaringsstrategi for næringers og industriers kulturmiljø* og *Bevaringsstrategi for bygder og byers kulturmiljø*. Bevaringsstrategiane for kystens og landbrukets kulturmiljø er allereie vedtekne og har Barne- og familidepartementet, har utarbeida *Bevaringsstrategi for kulturhistorisk verdifulle kirkebygg* saman med Riksantikvaren.

Om Bevaringsstrategi for næringers og industriers kulturmiljø

Avgrensing : Strategien har valgt ut tre deltema som dekker ulike sider av feltet og som saman utgjer ein heilskap.

Utfordringar og moglegeheter: I bevaringsstrategien vert det peika på manglande mangfald, kunnskapshol, lite heilskapleg tilnærming i bevaring og formidling, krevjande bevaring og ombruk, manglande kompetanse og delt ansvar mellom sektorane. Det vert framheva at fleire av desse utfordringane også representerer moglegeheter for utvikling.

Innsatsområde: Alle bevaringsstrategiane har fire felles innsatsområde. Til kvart av desse innsatsområda er det sett opp forventa effekt og effektmål som strategien skal målast etter. Sjå vedlegg 1. s. 9 for oversikt over innsatsområde, forventa effekt og effektmål.

Deltema: Bevaringsstrategien har tre deltema som strekkjer seg frå dei store industrianlegga som har forma landet gjennom etablering av industristadane, mangfaldet av småindustri og byindustri til logistikken som var nødvendig for at industriverksemda kunne fungere. Deltemaa er tidsuavhengige og skal romme vår nærings- og industrihistorie frå forhistorisk tid til i dag. Dei har følgjande deltema: Deltema 1: Industrien som bygde landet, Deltema 2: Våre mangfoldige næringer og Delområde 3: Industriens logistikk

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har avgjerdsmynnde i denne høyringa, jf. Reglement for folkevald organ og delegering, delegeringsreglementet, Reglement for fylkesutvalet punkt 7. Høyringsuttale:

Fylkesutvalet gir på vegner av Vestland fylkeskommune uttale i alle høyringssaker, med slike unntak:

- Saker kor hovudutvala kan gi høyringsuttale (sjå punkt 3 i reglementa for hovudutvala)
- Saker med svært knapp høyringsfrist der mynde er delegert til fylkesordføraren (sjå punkt 4 i reglement for fylkesutvalet)
- Saker der mynde er delegert til andre folkevalde organ eller fylkesdirektør (sjå reglement for delegering etter særlov og reglement for delegering til fylkesdirektøren)

Sakene ein skal gje høyringsuttale om, skal i størst mogleg grad innom fagutvala for uttale før dei går til fylkesutvalet.

Vurderingar og verknader

Generelle merknadar til utfordringsbilete og avgrensing

Fylkesdirektøren finn at *Bevaringsstrategi for næringers og industrier kulturmiljø* gjev ei god skildring av utfordingane og mogleheitene knytt til bevaring og bruk av næringer og industrien sine kulturmiljø. Målsetjinga og visjonen om korleis fleire aktørar kan samverke for å oppnå dei nasjonale måla er etter fylkesdirektøren si vurdering ei god tilnærming til fagområdet. Her er tverrdepartemental samordning eit viktig premiss for å kunne lukkast.

Under omtalen av juridiske verkemidlar, s. 13, er det lista opp ei rekke ulike lovverk og konvensjonar som er relevante for bevaringsstrategien. I opplistinga av konvensjonar saknar fylkesdirektøren referanse til The International Committee for the Conversation of the Industrial Heritage (TICCIH). Det burde også vore vist til dei to rådgjevande dokumenta knytt til bevaringa av industriarven; *The Nizhny Tagil Charter for The Industrial Heritage* og *The Dublin Principles*.

Økonomiske verkemiddel er etter fylkesdirektøren avgjerande for å bevare, utvikle, skape engasjement og gje fleire mogleheit til å ta vare på nærings- og industriarven vår. I utkastet til bevaringsstrategi vert det kort vist til at Riksantikvaren har tilskotsordningar som er aktuelle for å fylje opp strategien. Fylkesdirektøren vil her særskild peike på tilskotsordninga til tekniske og industrielle kulturminne post 72 som fylkeskommunen har svært gode erfaringar med når det gjeld ivaretaking og bruk av denne type kulturmiljø, og som kan vere førebilete for finansiering av bevaringsstrategiane.

Utkastet til bevaringsstrategi har eit tydeleg skilje mellom dei ulike bevaringsstrategiane og fylkesdirektøren har forståing for at dette må gjerast. Likevel må det kome tydelegare fram at dei ulike bevaringsstrategiane må komplettere kvarandre og at det er viktig å sjå heilskapen i kulturmiljøa på tvers av strategiane. Det er etter fylkesdirektøren si vurdering viktig at ein her presiserer samspelet som næring og industri har med tettstadar og byar.

Om innsatsområda

Innhaldet i dei fire innsatsområda er i bevaringsstrategien konkretisert gjennom forventa effekt og effektmål. Dei føreslegne forventa effektane og effektmåla er etter fylkesdirektøren si vurdering gode. Korleis ein skal arbeide og kva tiltak som skal setjast i verk for å nå måla vil bli konkretisert i den komande handlingsplanen.

Om deltemaa

Fylkesdirektøren finn at inndelinga i dei tre deltemaa overordna dekker feltet på ein god måte, og har difor ingen merknadar til val av deltema.

Deltema 1: Industrien som bygde samfunnet

Når det gjeld dette deltemaet er det etter fylkesdirektøren si vurdering viktig at det vert sett i samanheng med dei andre bevaringsstrategiane, då spesielt *Bevaringsstrategi for bygder og byers kulturmiljø*. Dette av di industrien har skapt mange og viktige samfunn i Noreg, og spelar ei vesentleg rolle i samfunnsutviklinga.

Deltema 2: Våre mangfoldige næringer

Fylkesdirektøren er einig i prioriteringa av Bynær industri då dette er eit område som rommar store kulturhistoriske verdiar og som er under press i samband med fortetting. Samstundes er dette eit område som har stort potensial for å bidra til å skape god lokalsamfunnsutvikling gjennom gjenbruk og tilpassing. Når det gjeld det andre deltemaet Særegen småindustri er det gjort ei sterkt avgrensing i forhold til mangfaldet av småindustri. Ved å definere særegen småindustri til å ikkje omfatte dei mest vanlege eller utbreidde næringsvegane, risikerer ein at mange kulturmiljø i kommunane sine kulturminneplanar fell utanfor. Ein konsekvens av ei så hard prioritering kan vere låg måloppnåing for dette deltemaet. Fylkesdirektøren vil rá Riksantikvaren til å mjuke opp formuleringa for å unngå utsortering av arbeid med utbreidde næringer.

Deltema 3: Industriens logistikk

Fylkesdirektøren finn det positivt at bevaringsstrategien fokuserer på industrien sin logistikk og dei bevegelege kulturminna som var ein viktig del av næringane og industriane sine kulturmiljø. Dette grepet gjer at ein får ei meir heilskapleg tilnærming til desse kulturmiljøa og tar vare på heilskapen. Særs positivt er det at ein har løfta fram dei bevegelege kulturminna som tidlegare ofte har falle mellom ulike forvaltningsregimer.

I mange industrimiljø var båt og fartøy ein viktig del av infrastrukturen til anlegget og det er etter fylkesdirektøren si vurdering viktig å sjå fartøya som del av denne samanhengen. Fylkesdirektøren meiner difor det vert feil at dei vert utelukka av denne bevaringsstrategien, med grunngjeving i at fartøy er eit prioritert tema i *Bevaringsstrategi for kystens kulturmiljø*. Men at ein heller må gjere samspelet mellom bevaringsstrategiane og dei ulike kulturmiljøa tydelegare.

Administrative/økonomiske konsekvensar:

Dei lovheimla oppgåvane fylkeskommunen har som kulturmiljøstypesmakt, skal gjennomførast uavhengig av bevaringsstrategiane. Det gjeld også prosjekt som fell inn under innsatsområda i bevaringsstrategien. Iverksetjing av bevaringsstrategiane med aktivitetar og tiltak kan få både administrative og økonomiske konsekvensar, men dette er førebels ikkje kartlagt.

Klima:

Innsatsområda i bevaringsstrategien vil famne om fleire av dei prioriterte tema i Regional plan for klima 2022 – 2025.

Endringar i klima med meir ekstremvær og havstigning er eit trugsmål mot næringars og industriars kulturmiljø, der kulturmiljøa langs kysten er svært sårbar. Kulturmiljøa knytt til industrien sine kulturmiljø representerer i tillegg utfordringar knytt til dei negative konsekvensane dei kan ha for miljøet, både i forhold til forureining og naturinngrep. Kunnskap om dette er ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget for ei berekraftig utvikling og kan bidra til at ein i framtida finn betre og meir berekraftige løysingar for miljøpåverknaden.

Folkehelse:

Aktivitetar knytt til næringars og industrien kulturmiljø kan fremje god folkehelse gjennom auka frivillig innsats og medverknad. Dette vil også bidra til å skape stadstilhøyre, opplevingar, fellesskap og styrke identitet. Aktivitetar og tiltak knytt til næringar og industrien kulturmiljø vil falle inn under innsatsområde 3. Gode, trygge og deltakande nærmiljø/lokalsamfunn i Handlingsprogram for folkehelse Vestland 2022 – 2025.

Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 regional planstrategi:

Måla i *Bevaringsstrategi for næringers og industriers kulturmiljø* fell saman med mange av måla i [utviklingsplanen](#) for Vestland og måla i [Kultur bygger samfunn - Regional plan for kultur 2023-2035](#)

Vestland har karakteristiske kulturmiljø som reflekterer eit samspel mellom bevaring og nyskapning i det bygde og naturgjevne miljøet. Utviklingsplanen omtalar kulturmiljø som viktige for både stadstilhørsle, estetisk kvalitet og besøksattraktivitet

Konklusjon

Bevaringsstrategi for næringers og industriers kulturmiljø vil, saman med dei andre tematiske bevaringsstrategiane, gje retning for mykje av fylkeskommunen sitt vidare arbeid med kulturmiljø. Gjennomføring av tiltak og aktivitetar i strategien vil etter fylkesdirektøren si vurdering bidra til eit auka engasjement for kulturmiljøa, styrke arbeidet med berekraft og bidra til at eit mangfold av kulturmiljø vert tatt vare på. Iverksetjinga av bevaringsstrategiane med aktivitetar og tiltak kan få både administrative og økonomiske konsekvensar, men dette er førebels ikkje kartlagt. Fylkesdirektøren rår til at det vert utvikla ein finansieringsmodell for bevaringsstrategiane.